

Til: Alexander Fosse Andersen;rolf.harkestad@vegvesen.no;Banne Kaisa
Tonheim;Vikane Grethe;Håkon Rasmussen;John Martin Jacobsen;Ljones, Jostein;Carl Erik Nielsen;Oddvar
Brakestad;Bauge Kristian

Emne: Kvammapakken styringsgruppe - sakliste 21.03.2018

Vedlegg: SKM_C335118010812310.pdf, Kvammapakken_prognose fom2018.pdf,
CCF19012018_0002.pdf, Kvammapakken 2016 arbeidsnotat.docx, styringsgruppa.pdf

Heil!

Viser til tidlegare utsendt tid og stad for møtet.

Sakliste:

- 1) Godkjenning av innkalling

- 2) Status økonomi ved SVV
 - Forbruk og restmidlar

- 3) Restmidlar i Kvammapakken ved Kvam Bompengeselskap AS
 - Notat ved Kvam Bompengeselskap AS «Oppdatert inntektsprognose fom. 2018»
(vedlegg)

- 4) Status prosjekt ved SVV
 - Nes - Norheimsund
 - Laupsa

- 5) Vegopning Nes - Norheimsund

6) Eventuelt

Venleg helsing

Bente Utne

Seniorrådgjevar/controller

Samferdselsavdelinga | vegseksjonen

Telefon: 55239060 | 91525270



KVAM BOMPENGESELSKAP AS
Grovagjelet 16
5600 NORHEIMSUND

14.12.2017

Notat

Til: Styret i Kvam bompengeselskap AS

Styret i Kvam bompengeselskap AS har for sine tidlegare prognosar for uttak av bompengar til vegbygging nytta berekningar utført i samarbeid med Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen i samsvar med notat datert 13.03.2015 og eigen oversikt utført av selskapet sitt rekneskapskontor i 2016.

Total investering	
Investert pr. 2016	423,3 mill.kr.
<u>Restramme investeringar 2017</u>	<u>30,3 mill.kr.</u>
SUM	453,6 mill.kr.

Av restramme til investering 2017, samla 30,3 mill.kr. er det utbetalt 24,6 mill.kr. i 2017. Ubetalt beløp trekt frå restramme på 30,3 mill.kr. er 5,7 mill.kr. og er pr. dags dato ikkje rekvirert frå Statens Vegvesen, men er venta kjem. Det er avsett likviditet til dette utan auke i lån.

Dagleg leiar og styreleiar i Kvam bompengeselskap AS har fått berekna ein ny inntektsprognose f.o.m. 2018. Kvammapakken – oppdatert inntektsprognose f.o.m. 2018 er utført og datert 20.11.2017 av sivilingeniør Helge Hopen. Det er i Hopen sin prognose rekna med auke i selskapet sine interne driftskostnader frå 2018 grunna overgang til regionalt selskap.

Berekninga til Hopen viser at framtidige bompenginntekter til selskapet kan forsvare å nytte nye 40 mill.kr. av bompengane til veginvesteringar frå 2018. Dersom ein legg til grunn at Hordaland fylkeskommune dekkjer 10% av investeringskostnadane slik det opphavelag er lagt til grunn for i Kvammapakken med tillegg av kostnader for mva. kan det investerast for 55.mill.kr i veg frå 2018. Meirforbruk av fylkesmidlar er ikkje avklart med Hordaland fylkeskommune.

Grunnlaget for oppdatert inntektsprognose f.o.m. 2018 ser ut til å gje eit realistisk bilete av inntekter og utgifter for selskapet som skal ha nedbetalte lån i 2029. Det kan synast som at dei nye berekningane vert lagd fram i seinaste laget og det viser kanskje at berekningane som tidlegare er lagt til grunn frå 2015 var noko pessimistiske, eller rettare sagt mindre oversiktlege premissar låg føre på det tidspunktet. Val av finansiering med god rettleiing frå Hordaland fylkeskommune viser resultat. Det gledelege med ny prognosen må vera at det kan utførast meir vegproduksjon i Kvammapakken enn det som vart framlagt i planane for 2017.

Som alle er kjende med er fleire av prosjekta i Kvammapakken ikkje produserte. Nye «friske pengar» kan truleg løysa resterande vegproduksjon frå Øystese til Laupsa og den relativt små men viktige delen som står att i planen for Vikøy sentrum og eventuelt ei restramme avsett til Kvamskogen. Dei tre ikkje utførte prosjekta i Kvammapakken vert Kvamskogen, Steinstøberget og bosstippen i Ålvik, som tida har vist vert dyre og meir kompliserte vegteknisk enn ein tidlegare har rekna med. Det er og uttalt frå Statens Vegvesen at spesielt

Steinstøberget og bosstippen treng nye planar og kan i framtida verte løyst som vanlege rassikringsprosjekt.


Resultatet har vist at det var rette politiske vurderingar som vart lagt til grunn for oppstart av bruk av bompengar til vegbygging i Kvam. Alternativet kunne blitt ingen vegproduksjon i Kvam i denne tidsperioden. Føringane som vart lagt til grunn for arbeidet var trafikkvekst, trafikktryggleik, trafikkflyt og vekstmoglegheiter ved bruk av areal særleg i område Vikøy til Laupsa, utan stadig prøvd bruk av dispensasjonar frå plankrav om gong- og sykkelsti og godkjente avkøyringar til næring og bustad areal. Kvammapakken viser og synlege resultat ved bruk av steinmassar ved deponi til opparbeiding av bustadområda i Øystese, Strandvegen i Norheimsund og nytt areal i Vikøy som glitrande eksempel.

Styrevedtak 20.12.2017:

Styret i Kvam bompengeselskap AS legg oppdatert inntektsprognose f.o.m. 2018 til grunn for forbruk av bompengar 40 mill. kr. til vegproduksjon i Kvammapakken frå 2018. Styret ber om at vedtaket i Kvam bompengeselskap AS vert sendt Hordaland fylkeskommune som vegeigar og garantist for lån, med tillegg av Statens Vegvesen og Kvam Herad.



Alexander Fosse Andersen
Styreleiar



Oddvar Brakestad
Dagleg leiar

KVAM BOMPENGESELSKAP AS

Grovagjelet 16

5600 NORHEIMSUND

Norheimsund 20.12.2017

Referat frå styremøte i Kvam Bompengeselskap AS

Dato: Onsdag 20.12.2017

Tid: kl. 17.00

Telefonstyremøte

Til stades: Alexander Fosse Andersen, Oddvar Brakestad, Frode Nygård og Anne Grethe Berge

Forfall: Kari Sørensen Bernardini

Styremøtet skulle egentleg vere tysdag 19.12.17, men på grunn av forfall vart møtet utsett til onsdag 20.12.17 i staden for. Innkalling og saklista vart godkjende av styret.

Sakliste:

Sak 20/2017: Ny oppdatert inntektsprognose f.o.m 2018

Dagleg leiar Oddvar Brakestad gjorde greie for saka. Styremedlemene hadde høve til å stille spørsmål i forkant av diskusjonen om saka.

Framlegg til vedtak frå styreleiar Alexander Fosse Andersen og nestleiar/dagleg leiar Oddvar Brakestad:

Styret i Kvam bompengeselskap AS legg oppdatert inntektsprognose f.o.m. 2018 til grunn for forbruk av bompengar 40 mill. kr. til vegproduksjon i Kvammapakken frå 2018. Styret ber om at vedtaket i Kvam bompengeselskap AS vert sendt Hordaland fylkeskommune som vegeigar og garantist for lån, med tillegg av Statens Vegvesen og Kvam Herad.

Styremedlem Frode Nygård sette frem dette framlegget til vedtak:

Styret i Kvam bompengeselskap tek dei nye prognosane om trafikk og kostnader til vitande. Styret vil på dette tidspunkt ikkje tilrå og gå ut over ramma for vegproduksjon sett i St .prp.nr.77 .

Under avrøystinga fekk framlegget frå Andersen og Brakestad 3 røyster (Andersen, Brakestad og Berge), medan framlegget til Nygård fekk 1 røyst (Nygård). Framlegget frå Andersen og Brakestad vart dermed vedteke.

Vedtak i styret:

Styret i Kvam bompengeselskap AS legg oppdatert inntektsprognose f.o.m. 2018 til grunn for forbruk av bompengar 40 mill. kr. til vegproduksjon i Kvammapakken frå 2018. Styret ber om at vedtaket i Kvam bompengeselskap AS vert sendt Hordaland fylkeskommune som vegeigar og garantist for lån, med tillegg av Statens Vegvesen og Kvam Herad.

Sak 21/2017: Eventuelt

- Dagleg leiar Oddvar Brakestad gjorde greie for status for innlemming i det nye regionale bompengeselskapet, Sørvest Bompengeselskap AS
- Styreleiar Alexander Fosse Andersen informerte styret om svar frå Statens Vegvesen på brev frå Jondalstunnelen AS, Kvam Bompengeselskap AS og Halsnøysambandet AS om tilskot for å redusere bompengar utanfor dei største byområda. Dette var oppfølging av orienteringssak 1 på styremøtet 30.05.17.

Norheimsund 20.12.17

Alexander Fosse Andersen
Styreleiar

Oddvar Brakestad
Nestleiar

Frode Nygård
Styremedlem

Anne Grethe Bergen
Styremedlem

Sett:

Kari Sørensen Bernardini
Styremedlem

KVAMMAPAKKEN – oppdatert inntektsprognose f.o.m. 2018

Bakgrunn

Sivilingeniør Helge Hopen har på oppdrag for Kvam Bompengeselskap utarbeidd ein oppdatert inntektsprognose f.o.m. 2018.

Føresetnader

Det er lagt til grunn rekneskapstal frå 2016, mellom anna ÅDT på 2.751 og inntekt pr. køyrety på kr. 31,04. For 2017 er det lagt til grunn at overskot vert nytta til vegproduksjon (avskrivningar). F.o.m. 2018 vert det lagt til grunn følgjande føresetnader:

- Langsiktig gjeld pr. 1.1.2018: 300 mill.kr.
- Gjennomsnittleg lånerente 2018-2021: 1,8 %
- Gjennomsnittleg lånerente 2022-2024: 2,0 %
- Gjennomsnittleg lånerente 2025-2029: 2,5%
- Driftskostnader (ekskl. finansiering): 3,8 mill.kr. pr. år (prisjustert med + 2,5% årleg)
- Inntekt pr. køyrety 2018 vert 9 % høgare enn i 2016 (pga. gjennomført takstauke 1.7.2017)
- Framtidig omlegging til nytt takstsystem gir ingen endring i gjennomsnittleg inntekt pr. køyrety
- Ny takstauke på +9 % i 2024, elles ingen taksendringar.
- Trafikknivå 2018 som i 2016
- Årleg trafikkvekst f.o.m. 2019 på 0,5% pr. år (halvert i forhold til St.prp.)

Resultat

Utan nye veginvesteringar f.o.m. 2018 vert lånet nedbetalt ca. sommaren 2027, ca. 1,5 år før opphavleg tidspunkt (ut 2029).

Ved å oppretthalde opphavleg nedbetalingsplan er det grunnlag for å nytte ca. 40 mill. kr. av bompengane til veginvesteringar i 2018. Dette kan gjennomførast ved å nytte forventa overskot i 2018 på ca. 25 mill.kr + utviding av låneramma med ca. 15 mill. Gjelda vi då auke til ca. 315 mill.kr. ved utgangen av 2018. Lånet vert nedbetalt i 2029 med driftsoverskota i perioden 2019-2029.

Det kan alternativt nyttast midlar frå driftsoverskotet i 2018 og 2019 utan å auke låneramma.

Dersom ein legg til grunn at Hordaland fylkeskommune dekkjer mva.-kostnadene kan det investerast for ca. 50 mill.kr. i veg i 2018. Dersom fylkeskommunen i tillegg dekkjer 10% av investeringskostnadene som tidlegare i pakken, kan det investerast for ca. 55 mill.kr. i 2018.

Sensitivitetsanalyse

Det er rekna på alternativet med å nytte 40 mill.kr. av bompengane i 2018 til vegprosjekt og konsekvensane av evt. høgare rentenivå enn føresett og eventuell trafikksvikt.

- Dersom rentebana vert +1% høgare enn føresett, dvs. 3,5% frå 2025 vil nedbetalingstida auke med ca. 0,4 år, dvs. nedbetalt våren 2030.
- Dersom trafikken ikkje vil auke – dvs. flat trafikkutvikling 2018-29, vil nedbetalingstida auke med ca. 0,5 år, dvs. nedbetalt sommar 2030.
- Dersom det vert både flat trafikkutvikling 2018-29, og renta aukar til 3,5% vil nedbetalingstida auke med ca. 1 år, dvs. nedbetalt i løpet av 2030.

Konklusjon

Forventa driftsoverskot i 2018 er ca. 25 mill.kr. Dersom dette nivået vert uendra i dei 12 åra fram til 2029, vil dette i prinsippet dekkje avdraga på lånet. Det vil likevel vere ekstra midlar tilgjengeleg på grunn av:

- Gradvis nedbetaling av lån medfører reduserte renteutgifter og dermed auka driftsoverskot
- Trafikkvekst på 0,5% årleg frå 2019 vil gje auka inntekter
- Takstauke i 2024 vil gje auka inntekter

Samla effekt av dette er at bompengeselskapet kan setje av opp mot ca. 40 mill.kr. i 2018 til ny vegproduksjon (ca. 25.mill.kr. frå driftsoverskotet og 15 mill.kr. i utvida låneramme, eventuelt 25 mill.kr. i 2018 og 15 mill.kr. i 2019 og uendra låneramme). Med forventa inntektsutvikling vil lånet vere nedbetalt i 2029 som føreset.

Eventuell svikt i trafikkutvikling (0-vekst) og auka lånerente opp mot 3,5% vil i verste fall auke nedbetalingsperioden med ca. 1 år, dvs. nedbetalt seinast ved utgangen av 2030.

Bergen 20.11.2017

Helge Hopen

NotatDato: 13.03.2015
Saksbehandlar:

Til: Fylkesrådmannen

Frå: Fylkesdirektør økonomi

Kvammapakken - Framskriving av kostnadsrammer og finansiering**1. Innleiing**

I dette notatet er presentert ein del utrekningar i tilknytning til Kvammapakken. Det er mellom anna oversyn over restrammer ved inngangen til 2015 og overslag over kostnader med å fullføra resten av Kvammapakken. Vidare er det tal for finansieringa – som omfattar bompengar og fylkeskommunale midlar.

Nye kostnadsoverslag medfører at dei kostnadsrammene ein har lagt til grunn så langt ikkje er tilstrekkelege til å fullføra alle delprosjekta som inngår i Kvammapakken.

I arbeidet med å fastsetja føresetnader for utrekningane og gjennomføra utrekningane har ein hatt samarbeid med Statens vegvesen.

2. Omfanget av Kvammapakken.

Kvammapakken omfattar i hovudsak vegprosjekt i Kvam herad, og er føresett finansiert med bompengar og fylkeskommunale midlar. Samla kostnadsramme er på 440 mill. kr i 2009 kr. Det er lagt til grunn at fylkeskommunen løyver 44 mill. 2009-kr og at resterande beløp opp til 440 mill. 2009-kr kjem frå bompengar. Kvammapakken er nærare omtala i St.prp.nr.77 (2008 – 2009) om delvis bompengefinansiering av Kvammapakken i Hordaland.

3. Utrekning av gjenståande kostnadsrammer.

Ved utrekningar og framskrivingar av kostnadsrammer er det teke utgangspunkt i St.prp.nr.77 der kostnadsramma vart sett til 440 mill. 2009-kr. Gjenståande ramme ved slutten av året er oppjustert til neste år med SSB sine prisindeksar for anlegg for påfølgjande år. Så vert forbruket neste år fråtrekt i ramma før restramma igjen vert prisomrekna til etterfølgjande år. Slik vert restramma framskriven år for år. Det er lagt til grunn anordningsprinsippet i rekneskapsføringa av forbruket.

Det kan setjast opp slikt oversyn over gjenstående ramme i løpande kroner:

Tabell 1. Gjenstående kostnadsramme. Tal i heile 1000 kr

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Økonomisk ramme prisjustert	440 000	452 284	428 847	351 954	347 378	205 164	146 748
- Forbruk anordningsprinsippet	1 740	47 330	86 479	60 679	147 022	62 690	
Gjenstående ramme	438 260	404 954	342 368	291 275	200 356	142 474	

Her vil prisjustert ramme for 2010 vera lik gjenstående ramme i 2009 på 438,26 mill.kr tillagt prisvekst til 2010 på 3,2%, og dermed vera på 452,284 mill.kr. SSB sine indeksar for prisvekst er vidare på 5,9% i 2011, 2,8% i 2012 og 3,9% i 2013. Ved utrekning av prisjustert ramme for 2013 er det i tillegg til prisveksten plussa på med 15,9% på grunn av auka mva frå dette året. Vidare er det rekna med 2,4% prisvekst i 2014 og 3% i 2015.

Med desse føresetnadene vil den gjenstående kostnadsramma ved inngangen til 2015 vera på 146,748 mill.kr.

4. Finansieringa så langt

Det vert i følge St.prp. nr. 77 lagt til grunn at fylkeskommunen løyver 44 mill. 2009-kr tilsvarande 10% av vedteken kostnadsramme. I tabell 2 er eit oversyn over bruken av fylkeskommunale midlar relatert til finansieringsramma på 44 mill. kr.

Tabell 2. Fylkesmidlar til Kvammapakken. Tal i heile 1000 kr

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Ramme fylkesmidlar prisjustert	44 000	47 740	48 090	54 598	88 732	71 588	58 604
- Forbruk anordningsprinsippet	-2 260	2 330	-5 021	14 679	18 822	14 690	
Gjenstående ramme	46 260	45 410	53 111	39 919	69 910	56 898	

Her vil prisjustert ramme for 2010 vera lik gjenstående ramme i 2009 tillagt prisvekst til 2010 på 3,2%, og dermed vera på 47,740 mill.kr. Ved utrekning av prisjustert ramme for 2013 er det i tillegg til prisveksten på 3,9% plussa på med 15,9% av gjenstående kostnadsramme ved inngangen til 2013. Bakgrunnen for dette er at momsauken på 15,9% frå 2013 fullt ut skal dekkjast med fylkeskommunale midlar, som igjen vert refundert frå staten som momskompensasjon.

Med desse føresetnadene vil gjenstående ramme av fylkeskommunale midlar til Kvammapakken ved inngangen til 2015 vera på 58,604 mill.kr i 2015-kr.

Tabell 3. Bompengar til Kvammapakken. Tal i heile 1000 kr.

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Ramme bompengar prisjustert	396 000	404 544	380 757	297 356	258 646	133 576	88 144
- Forbruk anordningsprinsippet	4 000	45 000	91 500	46 000	128 200	48 000	
Gjenstående ramme	392 000	359 544	289 257	251 356	130 446	85 576	

Også her vil prisjustert ramme for 2010 vera lik gjenstående ramme i 2009 tillagt prisvekst til 2010 på 3,2%, og dermed vera på 404,544 mill.kr.

Med desse føresetnadene vil gjenstående ramme av bompengar til finansiering av Kvammapakken ved inngangen til 2015 vera på 88,144 mill kr.

Summen av gjenverande rammer av fylkeskommunale midlar og bompengar til finansiering av Kvammapakken er etter dette på om lag 146,7 mill. kr i 2015-kr ved inngangen til 2015. Dette samsvarar med talet for gjenverande kostnadsramme i tabell 1.

5. Prognose for forbruk 2015 – 2017 til prosjekt i Kvammapakken.

Ein har fått slik prognose frå Statens vegvesen:

Tabell 4. Prognose forbruk Kvammapakken 2015 – 2017 mill. kr

	2015	2016	2017	Sum
Vikøy – Norheimsund			10,0	10,0
Bosstippen			38,5	38,5
Steinestøberget			65,7	65,7
Skarpasvingen – Øystese aust	10,0		141,0	151,0
Nes – Norheimsund	30,0	72,3		102,3
Lingaparsellen	18,0	3,0		21,0
Kryss Granvin		6,0		6,0
Kvamskogen	10,0		27,7	37,7
Planlegging	2,0			2,0
Sum	70,0	81,3	282,9	434,2

Restbehovet for å gjennomføra tiltaka i Kvammapakken er altså på om lag 434 mill. kr. Det kan også vera meirkostnadar utover denne summen.

Ubrukt del av opphavleg kostnadsramme ved inngangen til 2015 er som vist i tabell 1 i notatet på omlag 147 mill. kr. Dermed kan det sjå ut til at ein har ein manko på 287 mill. kr.

6. Samla bidrag til Kvammapakken frå 2015 og framover

Med dei utrekningane som ligg til grunn i dette notatet vil ein frå 2015 og framover ha til disposisjon 146,7 mill. kr til prosjekt i Kvammapakken, fordelt med 88,1 mill. kr frå bompengar og 58,6 mill. kr frå fylkeskommunen.

7. Oppsummering

Utrekningar basert på føresetnadene i dette notatet kan oppsummerast slik:

Til disposisjon frå 2015:

Bompengar	88,1 mill. kr
Fylkesk.midlar – restramme	<u>58,6 mill. kr</u>
Sum	<u>146,7 mill. kr</u>
Trong for midlar frå 2014:	<u>434,2 mill. kr</u>
Manglar i høve til behovet:	<u>287,5 mill. kr</u>

Notat

Dato: 12.03.2015
Arkivsak:
Saksbehandlar: nilvetl

Til: Fylkesrådmannen

Frå: Fylkesdirektør økonomi

Kvammapakken – økonomisk oversyn*Budsjettramme for prosjekta i Kvammapakken*

Opphavleg var det budsjettert med 440 mill. 2009-kr til gjennomføring av prosjekta i Kvammapakken. Justert for kostnadsvekst i perioden – og auke av meirverdiavgift for veganlegg frå 2013 er denne summen 552,6 mill. kr ved utgangen av 2014.

Til og med 2014 er det brukt 405,9 mill. kr på prosjekta i pakken slik at det dermed står att til disposisjon 146,7 mill. kr (552,6 mill. kr – 405,9 mill. kr)

Prosjekt som står att å gjennomføra

Oppstilling frå Statens Vegvesen viser at det vil vera trong for 434,2 mill. kr for å gjennomføra resterande prosjekt i Kvammapakken. Det er dermed totalt bruk for 840,1 mill. kr (405,9 mill. kr + 434,2 mill. kr) for å gjennomføra planlade prosjekt i Kvammapakka.

Ovanfor går det fram at budsjettramma er på 552,6 mill. kr slik at det dermed 287,5 mill. kr (840,1 mill. kr – 552,6 mill. kr) for å få til full prosjektgjennomføring.

Lista over attståande prosjekt er følgjande:

	Mill. kr
Vikøy – Norheimsund	10,0
Bosstippen	38,5
Steinstøberget	65,7
Skarpasvingen – Øystese aust	151,0
Nes – Norheimsund	102,3
Lingaparsellen	21,0
Kryss Granvin	6,0
Kvamskogen	37,7
Planlegging	<u>2,0</u>
Sum	<u>434,2</u>

Kvam Bompengeselskap AS
Oddvar Brakestad

Kvammapakken – Framskrivning av kostnadsrammer og finansiering

Jf. Notat datert 13.03.2015 Hordaland fylkeskommune og møttereferat Kvam Bompengeselskap AS – styringsgruppa datert 24.03.2015.

Av notat og møttereferat framgår:

Investering:

Til disposisjon frå 2015 – Fylkesmidlar –restramme:	<u>58,6 mill. kr</u>
Til disposisjon frå 2015 – bompengar	88,1 mill. kr
Investert i 2015	17,7 mill. kr
Investert i 2016	<u>40,1 mill. kr</u>
Til disposisjon i 2017 -bompengar	<u>30,3 mill. kr</u> (max investering 2017)

Finansiering:

Utestående krav 31/12-16 estimert:	4,0 mill. kr
Bankinnskott 31/12-16 estimert:	<u>14,0 mill. kr</u>
Sum	18,0 mill. kr
Kortsiktig gjeld 31/12-16 estimert	1,0 mill. kr
Forskotsbetalt bompengar 31/12-16 estimert	<u>12,0 mill. kr</u>
Disponibelt:	6,0 mill. kr
Netto resultat 2017 estimert	<u>25,0 mill. kr</u>
Til finansiering av investering i 2017:	<u>31,0 mill.kr</u> (max finansiering 2017)

Langsiktig gjeld – nedbetaling:

Lån frå Klp Kreditt AS pr. 31/12-2016:	300,0 mill. kr
Årleg nedbetaling frå 1/1-2018 25,0 mill x 12 år	<u>300,0 mill. kr</u>
Saldo lån 31/12-2029	<u>0,0 mill. kr</u>

Som det framgår av oppstillinga, er estimert årleg netto overskot 25,0 mill. kr, nytta til nedbetaling av lånet frå Klp Kreditt AS. Vi har ei låneramme på 370,0 mill. kr, men det er forutsett ikkje å trekkja meir på lånet. Rentevilkår lån Klp er NIBOR 3MND + 0,70%. Gjennomsnittleg rentesats 2016 er 1,72%.

Netto overskot 2016 ser ut til å verta mellom 24 og 25 mill. kr - dersom det ikkje kjem noko uforutsett dei siste to månader. Pr. oktober 2016 har vi eit netto overskot på 21,3 mill. kr. (om lag som for heile 2015).

Total investering:

Investert pr 2016: 423,3 mill. kr

Investering 2017: 30,3 mill. kr

Samla investering: 453,6 mill. kr

Lån frå Klp Kreditt AS 300.0 mill. kr

Eigenfinansiering 153,6 mill. kr (2011-2017 = 7 år)

Sum finansiert: 453,6 mill. kr

Norheimsund, 29. november 2016

Kvam Rekneskapskontor AS

Johannes Berge

ARF

KVAM BOMPENGESELSKAP AS- STYRINGSGRUPPA**MØTEREFERAT**

Stad: Hordaland Fylkeskommune

Tid: 24. mars 2015, kl. 14.00

Til stades:

Johnny Stiansen Hordaland Fylkeskommune

Reidun Rasmussen Mjør Kvam bompengeselskap

Oddvar Brakestad Kvam bompengeselskap

Førfall:

Asbjørn Tolo Kvam Herad

Olav Finne Statens vegvesen

I tillegg møtte:

Kaisa Tonheim Banne Statens vegvesen

Rolf Harketstad Statens vegvesen

Helge Sandvik Statens vegvesen

Erling Hodneland Statens vegvesen

Notat frå Statens vegvesen til Hordaland fylkeskommune - datert 20.03.2015 -

«Status for prosjekta i Kvammapakken» vart gjennomgått.

Notat frå Fylkesdirektør økonomi - datert 13.03.2015 – «Kvammapakken - framskriving av kostnadsrammer og finansiering» vart gjennomgått.

Oppsummering basert på dei føresetnadene i dei to notata som låg føre til møtet, kan oppsummerast slik:

Til disposisjon frå 2015

Bompengar 88,1 mill. kr.

Fylkesmidlar- restramme 58,6 mill. kr.Sum 146,7 mill. kr

Behov for midlar i følge Statens vegvesen

etter 2014 429,9 mill. kr.

Manglar i høve til behovet 283,2 mill. kr.

Kvam herad ved Ordførar og Kvam bompengeselskap AS har i møte med Fylkesrådmannen 24.03.2015 fått opplyst at administrasjonen i Hordaland fylke i samarbeid med bompengeselskapet og styringsgruppa arbeidar vidare med ein plan for finansiering av restbehovet til Kvammapakken.

Styringsgruppa vart gjort kjend med av Kvam herad i brev frå Hordaland Fylkeskommune datert 13.02.15 får opplyst at Fylkeskommunen stiller seg positiv til ein mogeleg revisjon av Kvammapakken inkludert

Håfjellstunnelen. I same brev ber Fylkesrådmannen om at det vidare arbeid med revisjon av Kvammapakken vert gjort i regi av styringsgruppa i Kvammapakken.

Det vart vidare referert i møte at Fylkesrådmannen ynskjer ei ekstern kvalitetsikring av gjenstånde kostnader i Kvammapakken.

Det vart opplyst i møte frå prosjektleiar Rolf Harketstad at vegproduksjonen i Kvammapakken med fleire atterhald kan aukast i 2015 utover styringsgruppa sitt vedtak punkt 2. Styringsgruppa ber om tilbakemeldingar med planar og kostnader før slike nye tiltak vert starta opp i 2015.

Styringsgruppa kan godkjenna at arbeidet i Vikøy sentrum vert utført i 2015 med prognose 10 mill. kr. føresett at det - i samsvar med tidlegare vedtak i styringsgruppa - ligg føre planar og revidert kostnadsoverslag med usikkerheitsmargin +/- 10 % (vedtak i styringsgruppa av 7. november 2014).

Styringsgruppa ber prosjektleiinga rapportera kostnad med vegproduksjon Øystese aust uavhengig av eventuell salsinntekt av sjø deponi.

Det vart av prosjektleiar opplyst at Linga parsellen og vegproduksjon Øystese aust - bak sjødeponi - kan verta noko rimelegare enn siste rapporten viser. Styringsgruppa ber om at denne prisreduksjonen vert meldt styringsgruppa.

Prosjektleiar opplyste og at mogeleg tap i rettstvist med entrepenør på parsellen Norheimsund-Vikøy var inkludert i samla oppgjeve forbruk.

Vedtak:

- 1) Styringsgruppa hadde ikkje merknadar til møttereferat frå 7. november 2014.
- 2) Styringsgruppa sluttar seg til Statens vegvesen sitt forslag til vegproduksjon i Kvammapakken 2015.

Det inneber:

At parsellen Øystese øst – Skarpasvingen - får eit forbruk på 10 mill. kr. i 2015

At Lingaparsellen får eit forbruk på 18 mill. kr

At gang og sykkelsti på Kvamskogen får eit forbruk på 5 mill. kr.

At parsellen Nes-Norheimsund får eir forbruk på 35 mill. kr. i 2015

At forbruk til planlegging i 2015 vert 2 mill. kr

Bergen, 24. mars 2015

Referent:



Johnny Stiansen

Fylkesdirektør økonomi

Hordaland Fylkeskommune